

## Møtebok årsmøtet 2014

**Dato:** Søndag 8. februar 2015 kl. 16.00

**Stad:** Idrettsbygget, Hardbakke

**Tilstade:** Kari Einen, Mark Ellevåg, Nina K. Engevik, Sissel Kråkås, Michael Niesar, Jørn Otto Olsen, Egil Røed, Irene Sanden, Kent Inge Strand og Bjørn Trovåg. I tillegg Ingvar Mårstig frå kl. 17.30.  
Tre born: Lukas og Victoria Niesar samt Lisabeth Sundal.

### Sak 1: Val av møteleiar og sekretær

Kim Arnes vart samrøystes vald til møteleiar.

Kari Einen vart samrøystes vald til sekretær.

### Sak 2: Val av to personar til å skrive under møteboka

Irene Sanden og Mark Ellevåg vart samrøystes valde til å skrive under møteboka.

### Sak 3: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkallinga og sakslista vart samrøystes vedteke.

Alle som stilte på møtet var røysteføre (ikkje borna).

### Sak 4. Årsmeldingar.

Fylgjande årsmeldingar vart lagt fram og lest opp:

- **Styret for Solund idrettslag** ansv. Kim Arnes
- **Volleyball** ansv. Irene Sanden
- **Innebandy** ansv. Irene Sanden
- **Basket** – ikkje mottatt årsmelding
- **Fotballgruppa** ansv. Egil Røed
- **Handball** ansv. Jørn Otto Olsen
- **Symjing/basseng** ansv. Michael Nieser
- **Friidrett** starta etter haustferien. (ikkje eiga årsmelding)
  - o Alder 6-10 klasse, lek, spenst, hurtighet, styrke, lengde, høgdehopp og mykje grunn trening. Ca 6- 7 deltagare. På stevne i Åsane 2015 var det 6 stk som reiste og alle var godt fornøyd med smakebiten på friidrettstevne. Mest innetrening, men også trening ute. Eit positivt supplement i Idrettslaget som ein reknar vil ta fleire år å etablere. Ansvar for trening har vært Nina og Bjarte Engevik. Positivt for individuell trening i regi av idrettslaget.
- **Barneidrettsskule** ansv. Mark Ellevåg
- **Badminton** ansv. Mark Ellevåg
- **Step og sirkeltrening/Yoga** ansv. Mark Ellevåg
- **Trimrommet** ansv. Kari Einen
- **Fjelltrimmen** ansv. Kari Einen
- **Trim og merkegruppa** ansv. Kari Einen

Årsmeldingane er vedlagde møteboka.

Vedtak: Årsmeldingane vart samrøystes godkjende.

### **Sak 5. Rekneskap 2014**

Rekneskap vart utdelt og gjennomgått ved Kim Aarnes.

Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Merknad: Årsmøtet ynskjer å ha fjorårets rekneskap + budsjettet til samanlikning til neste årsmøte.

### **Sak 6. Budsjett 2015**

Budsjettet for 2015 vart utdelt og gjennomgått av møteleiaren.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Sak 7. Medlemskontingent**

Medlemskontingenten vart sist auka på årsmøtet 2011. Det kom innspel om at SIL bør sjå på erfaringar frå Hyllestad IL ved innføring av Klubb-adminsystem ved registrering av kontingent-innkrevjing.

Vedtak: Det vart samrøystes vedteke å endre medlemskontingenten i 2015 til fylgjande satsar:

- Familiemedlemsskap (familie + barn t.o.m 18 år): 700,-
- Vaksen: 400,-
- Barn (t.o.m. 18 år): 250,-
- Student: 250,-
- Støttemedlem (ikkje aktiv): 200,-
- Årleg eigenandel nøkkel trimrom: 400,-

Det vart informert om at Sport 1 har utviklet medlemskort for Idrettslag for å handle hos Sport 1. Alle medlemmer i Solund Idrettslag har rabatt på Sport 1 i Førde.

### **Sak 8. Kunstgrasbana**

Kim informerte om framdrift ift. kunstgrasbana. Det ser ut til at det blir pengar til rassikring ved kunstgrasbane. Det første som skal gjernast er rassikring, vann og røyr opp til bana. No er det arbeid med plan om grøfting. Kim og Heidi arbeider vidare med framdrift av kunstgrasbane og også heilheita av kunstgrasbane, løpebane og klubbhus. Det er estimert at bana vil koste 4, 7 millionar. SIL stiller med eigenkapital på 1,1 mill. Det ligg òg ein plan for å leggje nytt dekke på ballbingen.

Vedtak: Informasjonen om kunstgrasbana var for informasjon til årsmøtet og såleis vart det ikkje gjort noko vedtak.

### **Sak 9. Trimrommet**

Kari Einen er ansvarleg person i styret for trimrommet og ynskjer å kjøpe ny kodelås til dør. Er det dessutan mogeleg å investere i nye sykklar og romaskin?

Vedtak: Det vart samrøystes vedteke å gje styret fullmakt å arbeide vidare med utvikling av trimrommet, inklusive kodelås, mindre investeringar og oppdatere reglane ved bruk av trimrommet.

## Sak 10 . Val 2015

### Leiar

Kim Arnes har vore midlertidig leiar i Solund Idrettslag i 2014. Dette vart avklart med idrettskrinsen.

Framlegg frå valnemnda: Kim Arnes

Vedtak: Kim Arnes vart samrøystes vald for 1 år.

### Styremedlemmar

Fylgjande medlemmar var på val:

Egil Røed – tek ikkje attval

Ingunn Mjåtveit – tek ikkje attval

Mark Ellevåg- tek attval

Framlegg frå valnemnda: Jørn Otto Olsen, Mark Ellevåg, og Nina Engevik.

Vedtak: Jørn Otto Olsen, Mark Ellevåg og Nina Engevik vart samrøystes valde for 2 år

### Varamedlemmar

Jørn Otto Olsen – tek ikkje attval

Framlegg frå valnemnda: Kent Inge Strand.

Vedtak: Kent Inge Strand vart samrøystes vald for 2 år. Styret vel rekkefylgje på varamedlemmane.

Styret i Solund idrettslag får då fylgjande samansetnad: ( tid igjen av verv)

|                           |                          |
|---------------------------|--------------------------|
| Leiar                     | Kim Arnes – 1 år         |
| Styremedlem/nestleiar     | Micheal Niesar – 2 år    |
| Styremedlemmer            | Kari Einen – 1 år        |
|                           | Mark Ellevåg – 2 år      |
|                           | Nina Engevik (ny) – 2 år |
|                           | Jørn Otto Olsen – 2 år   |
|                           | Irene Sanden – 1 år      |
| Varamedlemmar             | Kent Inge Strand – 2 år  |
|                           | Kenneth Sæbø – 1 år      |
|                           | Endre B Natvik – 1 år    |
| Kasserer (utanom styret)  | Heidi Sanden             |
| Revisorar (utanom styret) | Borgny Leirvåg – 2 år    |
|                           | Vigdis Ravnøy – 1 år     |
| Valnemd (utanom styret)   | Bjørn Trovåg – 2 år      |
|                           | Kjell Mongstad – 1 år    |

Møtet slutt kl. 19.00

---

Kari Einen  
Sekretær

Underskrifter:

---

Irene Sanden

---

Mark Ellevåg